



## BARNEOMBODET

Justis- og beredskapsdepartementet  
Postboks 8005 Dep  
0030 OSLO

Vår ref:  
19/00012-2

Saksbehandlar:  
Anders Prydz Cameron

Dato:  
22. mars 2019

### Høyring - forslag til ny forskrift om personundersøking i straffesaker

Barneombodet viser til høyringsbrev datert 21.12.18 om forslag til ny forskrift om utføring av personundersøking i straffesaker.

Barneombodet støtter forslaget. Det er svært positivt at regelverket for personundersøkingar vert oppdatert og tilpassa situasjonen i dag. Vi har merknadar til nokre av føresegna i forslaget frå departementet:

#### *Om § 5: Prioritering av personundersøking av mindreårige*

Departementet foreslår at personundersøking av mindreårige skal prioriterast, og at det skal gjelde ei frist på fire veker for å fullføre personundersøkinga. Barneombodet er svært positiv til forslaget om å ta inn i forskrifa at personundersøkingar av mindreårige skal prioriterast. Det er viktig at ikkje straffesaker mot mindreårige vert liggande og vente fordi arbeidet med personundersøkinga ikkje vert prioritert. Det er òg i utgangspunktet positivt at det vert sett ein frist for å utføre undersøkinga.

For at friomsorgskontora skal kunne få utført personundersøking i saker der sikta var under 18 år på tidspunktet for gjerninga innafor ein frist på fire veker, er det fleire forutsetningar som må vere på plass:

- Friomsorgskontora må ha nok ressursar til faktisk å kunne gjennomføre gode undersøkingar innafor fristen. Barneombodet har fått informasjon om at fleire friomsorgskontor ikkje har tilstrekkelege ressursar til at det er realistisk å overhalde fristen.
- Andre som skal levere innhald til personundersøkinga må kunne verte pålagt tilsvarande frist for å sende inn relevant dokumentasjon. Ei god personundersøking vil i fleire høve være avhengig av informasjon frå til dømes psykisk helsevern og barnevern. Det er liten hjelp i ein frist som gjeld kriminalomsorga når andre ikkje er bundne av same frist.
- Det må være rom for å sikre at personundersøkinga er så fersk som mogeleg før ei eventuell rettssak. Det kan være grunnar til at ei sak ikkje kommer opp for retten før etter relativt lang tid. Mange ungdommar som bryt lova lever liv der mykje kan endre seg raskt, og det er viktigare å ha ei god, fersk personundersøking når saken skal opp for retten, heller enn ei undersøking som vart klar innan fristen, men som kan være så gammal som seks månader eller meir.

Barneombodet støtter altså forslaget om prioritering og frist, men det må følgje med naudsynte ressursar til friomsorgskontora og det må være ei klar føresetnad at ei frist ikkje gjer at kvaliteten på personundersøkinga går dramatisk ned eller at personundersøkingar vert liggande lenge før ei sak skal opp for retten.

*Om § 8: Manglande oppmøte hos kriminalomsorga*

Departementet foreslår at personundersökjar skal leggje til grunn at sikta og verje ikkje samtykker dersom dei ikkje har møtt etter to innkallingar til personundersøking.

Barneombodet forstår at det av omsyn til effektiviteten i arbeidet kan være behov for ein regel om korleis kriminalomsorga skal handtere manglande oppmøte. Samstundes er intrykket vårt at mange unge som er sikta eller tiltalt i straffesaker, og verjene deira, kan ha mange ulike grunnar til ikkje å møte opp når dei vert innkalla til personundersøking. Slik vi forstår det, kan kriminalomsorga klare å motivere ungdom og verje til å møte opp til personundersøking etter å ha bruk tid på å forklare kva undersøkinga er og bygget opp tillit over noko tid. Den absolute formuleringa i forslaget om at personundersökjar *skal* leggje til grunn at sikta og verje ikkje samtykker dersom dei ikkje har møtt etter to innkallingar kan gjere at ein ikkje får utført PUM og gjere at straffreaksjonen ikkje er så godt tilpassa som han kunne vore.

*Om §§ 13 og 14: Samarbeid med ungdomskoordinator*

Departementet foreslår eit tettare samarbeid mellom personundersøkar i Kriminalomsorga og ungdomskoordinator i konfliktråda. Barneombodet støtter forslaget. I mange saker vil det være ein klar fordel at ungdomskoordinator kjem tidleg inn i saka og bidreg i arbeidet med personundersøkinga. Det kan òg vere ein fordel at ungdomskoordinator orienterer om ungdomsstraff og ungdomsoppfølging, sidan det er konfliktråda som har ansvar for gjennomføring av disse reaksjonane.

I forslaget frå departementet står det at personundersøkar *skal* ta kontakt med ungdomskoordinator for innhenting av relevant informasjon om sikta. I ein del saker vil ikkje sikta være kjend for ungdomskoordinator, og ungdomskoordinatoren vil då ikkje ha relevant informasjon om sikta. Det er viktig at det vert utarbeidd gode rutinar for å avklare dette raskt. Ungdomskoordinator kan berre gi opplysningar som er underlagde teieplikt når sikta og verjer har samtykka til det. I mange saker tek det å innhente samtykker mykje tid. Det er mange samtykker som skal gis til mange ulike instansar. Det hadde vore ein fordel om regla for samtykke og deling av informasjon i straffesaker var meir fleksibelt, slik at fleire saker kunne verte diskutert i koordineringsgruppane (KOG) for å sikre god informasjon til både personundersøkingar og oppstarten med ein ungdomsplanning i konfliktrådet i saker der ungdomsoppfølging eller ungdomsstraff er aktuelle reaksjonar.

Vi takker for mogelegheita til å gi innspel til forslaget og har gjerne vidare dialog med departementet om saka viss det er ønskeleg.

Venleg helsing

Camilla Kayed  
fagsjef

Anders Prydz Cameron  
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen signatur.